



NYHETER

Tips oss: 95 400 400 nyheter@smp.no
Sentralbord: 70 12 00 00

LEDER

Må gi landbruket investeringslyst

LANDBRUKSPOLITIKK

Ferske tal syner at berre ti prosent av norske bønder er under 40 år. Gjennomsnittsalderen er på 54. I eit kvart yrke eller i kvar ein bransje ville dette vere urovekjkjande tal. Det er det sjølv sagt for landbruket også.

Først og fremst er det alvorleg fordi det fortel om ei næring som slit med rekrutteringa. I konkurransen med andre yrkesval taper jordbruksbruket på grunn av lange arbeidsdagar, lite fritid og det som for mange er ein økonomisk utfordrande kvardag.

Samstundes er det høge aldersgjennomsnittet eit resultat av strukturrasjonaliseringa si kraft. Den gir rom for færre unge bønder i yrket enn før. Heldigvis betyr ikkje dette at alt er heilsvart. Framleis er det mange som satsar, og norsk landbruk syner sta livskraft.

I Sunnmørsposten onsdag fortalte Per Ståle Lillestøl i Hornindal om si satting, ei investering i nytt, moderne og automatisert lausdriftsfjøs til 10 millionar kroner. Han ser lyst på framtida.

Lillestøl er ikkje åleine. Mange står overfor valet om å satse eller å leggje ned på grunn av behov for kostbar og naudsynt fornying av driftsbygninga som ikkje stettar dagens krav til dyrevelferd, gjødsellagring eller effektivitet.

Det er viktig at mange nok tør å ta dette spranget. Sjølv om talet på bruk og bønder framleis kjem til å gå ned, må vi ha folk som satsar. Landbruksæringa treng som andre næringar å utvikle og modernisere seg. Då er det viktig både å investere i ny teknologi og sørge for gode vilkår for nyrekryttering.

Eit av dei viktigaste landbrukspolitiske grepene framover er å leggje til rette for dette. Økonomiske verkemiddel som stimulerer til nyinvestering er viktig for både modernisering og nyrekryttering.

Investering i større driftseiningar er ein del av dette, men ikkje åleine. For nokre kan det vere snakk om nysatsningar som gir større inntekter ut av dagens bruk, mellom anna ved å satse på eiga vidareforedling – anten åleine eller i samarbeid med andre.

Grunnlaget for slike investeringar vil likevel aldri vere den offentlege støtta, men det framtidige inntektspotensialet. Meir enn noko anna er det difor viktig at landbrukspolitikken er føreseileg, slik at den som skal satse på yrket veit kva som ventar rundt neste sving.

– Norsk landbruk syner sta livskraft